Førsteblad

1

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 11.

Tilleggsspørsmålnr.

Emne: Ymse attåtfor -

Oppskr. av: E. Stranden

(adresse): Mittet

Fylke: Møre & R.

Herad: Eresfj. & Vistdal

Bygdelag: Vistdal

Gard: Stranden

G.nr. 62 Br.nr. 1.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

I Røtter.

A. Forskjellige røtter:

Sp. 1. Det er no avlagt å sanke røtter. Dei var rekna som nødfor. Der vart ikkje sanka røtter under siste verdenskrig. Der vart slutta med det omkring år 1900.

Sp 2-3-4. Der vart ikkje sanka røtter på annan måte, enn då man pløgde om våren gamal åker som var u. grasfeild, då grov man opp røttene med eit grev, samla dei saman i haugar med handi og bar dei i bytter heim til bakken og skylled dei og gav dei kyrne rå. Det var berre røtter av krauske som var brukt her.

Sp. 5. Røtterne kan ligge bare 1 døger.

-„- 6. Nei. Men de er bra at kyrne fer ferske røtter attåt ved overgen frå tørt stråfor til dei kjem på grønt ute.

B. Bregner (blom).

Sp. 1-6. Bregner og bregnerøtter her aldri her i bygdene varet brukt som

1871

krøtermat. Men storblom og små-blom - som her kallast „kaurblom" vert slege - samen med graset og tørka ilag med det. Men det vert ikkje rekna for annet enn därlegt for. Då blomen vert tør brytes den lett i stykker - og det vert berre rusk av blomen.

II. Tang og tare.

A. Tang.

Sp. 1. Tang reknes ikkje som årvist for her i bygden. Det brukes bare i vårknipa av og til. I siste verdenskrig vart det også berre brukt i nødstilfelle.

Sp. 2-3. Det er berre om våren i vårknipa at man griper til å bruke tang. Me sjærer tangen med ein vanleg sigd.

Sp. 4. Tangen bæres heim i bøtter med eit børtre.

Sp. 5. Tangen brukes rå med kokt vann og mjølrusk på - og gitt kyrne i bøtter. Fiskeavfald er ikkje her. Man lar ikkje tangen gjære.

Sp. 6. Tang ansees for kleint for. Det er vatnet og mjølet som er det fornemste. Tangen er nermest vommafyll.

B. Tare.

Sp. 1-5. Tare forekjem ikkje her - då det ikkje er slike ~~stike~~ grunnar i fjorden at den vokser her.

 NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

II.

III. Annet for av planter.

Sp. Her vert ikkje andre plantar brūka som sankefor. Man hev skogen at taka til med beit, skav og selje-kvistar om våren når det kniper. Folk setter ikkje meir krøter på no enn at dei kan fø dei godt fram. Kniper det om våren kjøpar man høy eller halm. Dei som hev store gardar synest det er betre å selge føret enn å fore det op sjølv, då det no er lite om arbeidshjelp.

IV. Hestemøk.

Sp. 1-3. Hestemøk vert aldri brukt her.

V. Sørpefor.

Sp. 1. Sørpa vert ikkje koka. Dyra fer sørpa i ei kasse eller ei trebøtte. Kassa kan vere 4 dm. lang, 3 dm. breì og 3 dm. høg.

Sp. 2. Til sørpe brukes halmhakk, agner og hågras. Før sanket man og så gras i fjære - arve og strandrug - (elymus arenariūs) men den måtte hakkes. Sørpa bløites 1/2 døger i ein så-stamp eller liknande. So tappes vatnen av og sørpa legges lagvis op i kasse med mellomlag av kjøpt kraftfor eller av eigen avl - malt havre eller lettkorn.

Sp. 3. Sørpa nyttes kald. Brūkar me hågras helles varmt vatn på.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING 1871

Sp. 4. Rognebær, det nyttes når dei sitter på rognekjarvet og brukes til kjørne. Ellers ikkje annet enn til høns, der æter dei rå.

Sp. 5. Drank brukes ikkje her.
-"- 6. Mask -"- -"- -"-
-"- 7. Det vert koka løg på potet-gras og høyfrø. Det må då stå ei dags tid for å bløtne. Andre ting vert ikkje bruka til sørpe.

VI. Fiskeavfald.

Sp. 1. Der vert ikkje bruka fiskeav-fald her annet enn ein og annan gong når me fiskar sjølv eller kjøpar fisk, men dette er so lite at det er ikkje nemnvande.

Sp. 2. Det er rester etter måltidet som vert brukt til kyrne - enten av fisk eller sild. Fåes billeg storsild eller an-nan billig sild kjøper me av den og hev i varmt vatn til kjørne. Då vises det på mjølka, meir og betre mjølk.

Sp. 3. Brukes ikkje her.
-"- 4. Dyret får også kraften - sill-vatn - eller fiskevatn.

Sp. 5. Ein nyttar fersk fisk og sild.
-"- 6. Berre i kjøkenet.
-"- 7. Ikkje her hjå os. No fer dyra mat om morgonen - tvo mål etter kvarandre av høy eit mål - sørpe eit mål. Mot kvelden fer dei igjen 2 mål - helst høy begge mål. Foret vert ~~ikkje~~ veit - budeia gjev etter beste skjøn.

1871

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING